



VOSS KOMMUNE KOMMUNALAVDELING TEKNISK
Postboks 145
5701 Voss

Sakshandsamar::
Sissel Storebø

Rapport frå inspeksjon ved Voss kommune, Voss reinseanlegg

Kontrollnummer: 2019.028.I.FMVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:

Ove Hegg, Bjarne Løne
Jakob Håheim, Jon Hårklau
Tilla Ruud, Per Gunnar Byrkje

Frå Fylkesmannen i Vestland:

Sissel Storebø
Silje Tingstad

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Voss kommune, Voss reinseanlegg 6. mars 2019. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Vestland avdekka eit avvik og ga ingen merknad under inspeksjonen. Avvik vart gitt innan følgjande tema:

- internkontroll

Avviket er nærare omtalte frå side 3 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Med helsing

Silje Tingstad
overingeniør

Sissel Storebø
seksjonsleiar

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: VOSS KOMMUNE KOMMUNALAVDELING TEKNISK	
Organisasjonsnr.: 974774356	Eigd av:
Bransjenr. (NACE-kode): 84.130 - Offentlig administrasjon tilknyttet næringsvirksomhet og arbeidsmarked	

Kontrollert eining

Namn: Voss reinseanlegg	Anleggsnr.: 1235.0040.02
Kommune: Voss	Fylke: Hordaland
Anleggsaktivitet: Avløpsnett og -rensing	
Løyve gitt: 22.01.2008	Sist endra:

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova vert følgd. Inspeksjonen er ein del av Fylkesmannens risikobaserte industritilsyn for i år.

Tilsynet vart gjennomført i medhald av forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Avfall
- Prosess og reinseutstyr
- Kjemikaliar
- Utslepp til luft
- Utsleppsløyve for kommunalt avløpsvatn
- Utslepp til vann

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Verksemnda pliktar å rette opp avviket som er omtalt i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, ber vi om at kommunen innan 1. juni 2019 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avviket er retta.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (fmvlpst@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Vestland v/Sissel Storebø.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til varsel og informasjon om gebyrplikt som ble gitt til verksemnda 19. februar 2019. Verksemder skal betale gebyr for kontroll utført av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemder etter forureiningslova er fastsett i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av brukt og forventa ressursbruk vil Voss reinseanlegg få eit gebyr på kr 26 300,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarar til gebyrsats 2 for tilsyn av inntil ein dags varigheit. Verksemnda vil få tilsendt ein faktura frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassen. Vi viser også til forureiningsforskrifta kapittel 39 for ytterlegare informasjon om innkreving av gebyr til statskassen.

Klage

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeve og adressert til Miljødirektoratet, men sendes via Fylkesmannen i Vestland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Ei eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og gebyret som er fastsett ovanfor må betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tar klaga til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Vestland (jf. offentleglova).

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1: Verksemnda manglar skriftlege rutinar

Avvik frå: Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 7

Kommentar til regelverket:

Verksemnda må ha rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot på miljøregelverket. Rutinane må vere dokumenterte slik at dei kan inngå i internkontrollen.

Avviket er basert på følgende observasjonar:

Verksemda har ikkje utarbeidd rutine for risikovurdering. Denne skal mellom anna gjere greie for korleis arbeidet med risikovurderinga skal gjennomførast, kven som er ansvarleg og kva som utløyser ein revisjon av risikovurderinga.

Verksemda har ikkje ei skriftleg rutine for handtering av farleg avfall. Denne skal gjere greie for korleis det farlege avfallet skal mellomlagrast, merkast, deklarerast og leverast til godkjent mottak.

7. Merknader

Det vart ikkje gitt merknader under inspeksjonen.

8. Andre tilhøve

Utsleppsløyvet for kommunalt avløpsvatn for Voss tettstad er datert 22. januar 2008. Løyve er av eldre dato og ikkje i samsvar med dagens kravstilling til løyve. Fylkesmannen vil starte ein prosess med å revidere løyvet. Hovudplan for avløp og vassmiljø 2016-2026 for Voss kommune vil vere grunnlag for nytt løyve. Varsel om revisjon vert sendt i eige brev til kommunen.

Reinseanlegget har krav om at fosformengda i avløpsvatnet skal reduserast med minst 95% av det som vert tilført reinseanlegget. Det vart ved tilsyn opplyst at kommunen ønskjer å få redusert reinsekravet for fosfor for utslepp frå reinseanlegget i samsvar med krava i forureiningsforskrifta. Om dette er aktuelt må kommunen søkje Fylkesmannen særskilt om dette, med grunngjeving og dokumentasjon som syner at reduserte reinsekrav ikkje vil føre til negativ verknad for resipienten.

Kommunen har etter tilsynet sendt oss ei oversikt over oppgraderingane som er gjort på reinseanlegget dei siste 10 åra.

9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- forureiningslova
- produktkontrollova §§ 3 og 3a
- forureiningsforskrifta
- avfallsforskrifta
- internkontrollforskrifta
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Fylkesmannen

10. Informasjon til verksemda

Regelverk som det vart informert om:

- forureiningslova
- produktkontrollova §§ 3 og 3a
- forureiningsforskrifta
- avfallsforskrifta
- internkontrollforskrifta